

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[**850**] N-30690. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 46; 1990b: [40]; 1994c: 260.)

Gjenstanden står på ein tilverka gjenstand av tre, 205 mm lang med ovalt tverrsnitt på 15 x 11 mm. Funnet vart gjort i 1975, felt FL, hovudfase 5. Det vil seia i ein arkeologisk kontekst som kan daterast til første halvdel av 1100-talet. Det er runer på to sider ut mot den eine enden av gjenstanden. Innskrifta på side a er 31 mm lang og runene 11 mm høge, på side b er høgda likeins 11 mm. Innskrifta her er ca. 5 mm lang.

R. 1 på side a er defekt ved foten av staven på grunn av skade i treverket. Det er likevel ingen tvil om at runa må lesast som **l**. R. 2 har kanskje punktering. Punktet står fram som tydeleg fargeskilnad i veden, men det er uråd å avgjera heilt sikkert om merket er gjort med reiskap som ein medviten del av runa. Med eit visst atterhald er runa oppfatta som **u**. Også r. 4 synest å kunna ha punktering, men her kan ein ved stereolupe sikrere avgjera at så ikkje er tilfelle og at det nokså sikkert berre er tale om rein stav: **i**. R. 6 er dregen nokså langt ned i høve til høgda på føregåande stav, men kan nokså sikkert lesast som kort **s**. R. 7 har tydeleg bevart stav. Ved nærare gransking i stereolupe kan kvist frå om lag midten av staven og opp til høgre konstaterast, slik at runa må lesast som sikker **k**. R. 1 på side b er eit relativt kort snitt på nivå med toppen av r. 2. I den grad dette er meint som runeteikn, må det oppfattast som kort **s**. Også ved r. 2 kan spørsmålet om dette er meint som runeteikn eller ei stillast. I tilfelle kan det lesast som ein defekt **k** der toppen av staven, frå det punktet kvisten går ut, er avskala eller sliten bort.

↑ Λ(?) ↑ ↑ ↑ ↑ ↑ ↑ ↑ (?)
a) **l u(?) k i l s k** b) **s k(?)**

a) *Lykill sk* `Lykel sk' b) *sk* `sk'

Side a kan såleis utan større vanskar lesast som *lykill* m og *skjønast* som ordet for `lykel'

eller 'nøkkel' på norrønt anten vi les r. 2 som punktert **u** eller ei. I båe tilfelle vil vi her måtta rekna med at runa markerer lydverdien /y/ om vi tek det for gitt at innskrifta har ei språkleg meining. Upunktert **u** som /y/ i ei innskrift som kanskje ikkje er eldre enn tidleg 1100-tal er kanskje litt seint (jf. likevel NIyR III: 80). Punktert **u** med lydverdi /y/ er kjend frå dansk område alt før år 1000, jamvel om beleggsmaterialet er lite (DR: 999, Stoklund 1983:428). Frå norsk område er bruk av slik **u** også lite belagt. Nokolunde sikker i så måte er berre N159 Snarteland, N192 Storhedder III og N460 Selbu krk. Av desse er berre Storhedder III datert så tidleg som til 1100-talet. Med ei slik datering kan det såleis seiast å vera evidens, om enn svak, til å stø lesemåten med punktert **u** i innskrifta her - også frå norsk innskriftsmateriale.

I alle fall synest det rimeleg å tolka innskrifta språkleg som *lykill* m. Det høver godt med forma på gjenstanden som mykje vél kan seiast å ha form som ein lykel av eitt eller anna slag, og innskrifter som namngir gjenstanden dei står på, har vi mange parallellar til (jf. t.d. N847 ovanfor). Kva sekvensen **sk** står for, synest derimot heilt uvisst her. Ettersom det er sannsynleg at det er same sekvensen vi har også på side b, synest det å vera medvite gjort. Kva meininga med det kan vera er det likevel ikkje råd anna enn å gissa om i dag.